



Frank, Marysia (nede til vinstre) og Bydalek ved kai i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Polakkar kan snart reknast som våre landsmenn, men at dei kjem til Kvinnherad og Uskedalen med båt er noko uvanleg.

Difor var det nokre som sperra auga opp då ein seglbåt med polsk flagg la til i Uskedal Båtlag sin hamn og ved nærare ettersyn viste seg å heita Wiking.

Men for professor i metallurgi Franciszek Adam og familien hans har det snart vorte rutine å segla til Noreg.

- Eg likar sjøen og eg likar fjell, difor er ein tur til Noreg med båt ein ideell kombinasjon, seier Franciszek, som denne gongen har med seg sonen Bydalek (18) og dottera Marysia (13). Tysdag var dei på Englafjell! Mor Barbara vil slutta seg til selskapet 20. juli og så skal dei fire feriera saman til 17. august då kvartetten tek flyet heim frå Stavanger.

Dei bur i Zielona Gora som ligg rundt rekna 10 mil aust for Berlin og der underviser Franciszek ved universitetet. Men no frå hausten flyttar han over til det mykje større universitetet i Szczecin. Før krigen var dette hamnebyen til Berlin og Franciszek har båten liggande der. Men frå denne hausten blir han altså liggande i Stavanger og venta på ein ny ferieferd rundt i norske fjordar neste år. Det har tydelegvis vorte familierutine med ein skandinavisk tur over to månader kvart år.

Grunnen til at båten heiter Wiking er ikkje eit utslag av Noreg-nostalgi. Forklaringa er heilt enkelt at han vart bygt i 1970 ved Wiking skipsbyggeri i Kiel. Franciszek kjøpte han av ei danske for tre år sidan og sette straks kursen mot Noreg saman med kona og ei eldre dotter. Odda var ein av stoppestadane men då kom dei ikkje lenger enn til Buarbreen. Denne gongen er målsettinga å koma til topps på fonna - via Sundal.

I 2007 var Sverige målet for ferieturen, men i fjor sommar var dei atter hos oss - nærare bestemt i telt i Setesdalsheiane. Mens dei vandra der vart Wiking reparert i Søgne!

Professoren frå Zielona Gora kan mykje om metallar som ikkje er jern, men han har også god innsikt i økonomi og fortel at arbeidsløysa i heimbyen no er oppe i 12 prosent medan den ligg rundt 16 i heile Polen.

Ein polakk har ei gjennomsnittleg inntekt på 6.000 kroner i månaden, men det er mykje som er billigare i Polen enn her- Ein pensjonist med god pensjon får 4.000 kroner.

Eit påtrengande problem no er om Polen skal gå over til Euro eller ikkje.

- Det er ingen god ide for 80 prosent av polakkane, seier professoren, som er glad for å høyra at landsmennene hans skikkar seg bra i Noreg.

Av Ola Matti Mathisen